

**RÅDSFORORDNING (EF) nr. 2166/1999****2001/EØS/31/25****av 8. oktober 1999****om nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til minstestandardar for handsaming av produkt i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg innanfor den harmoniserte konsumprisindeksen(\*)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 2494/95 av 23. oktober 1995 om harmoniserte konsumprisindeksar<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 4 og artikkel 5 nr. 3,

med tilvising til fråsegn frå Kommissjonen,

etter samråd med Den europeiske sentralbanken<sup>(2)</sup> og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med artikkel 5 nr. 1 bokstav b) i forordning (EF) nr. 2494/95 skal kvar medlemsstat utarbeide ein harmonisert konsumprisindeks (HKPI) som skal gjelde frå og med indeksen for januar 1997.
- 2) Etter kommisjonsforordning (EF) nr. 1749/96<sup>(3)</sup> er dekkingsområdet i HKPI definert som dei varene og tenestene som høyrer inn under konsum i hushald. Varer og tenester i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg er ein del av dekkingsområdet i HKPI. Konsum i hushald omfattar utgiftene til einskildpersonar som bur fast i institusjonshushald, og bør grupperast i samsvar med kategoriane i COICOP/HKPI, slik det er fastsett i kommisjonsforordning (EF) nr. 2214/96<sup>(4)</sup>.
- 3) I samsvar med kommisjonsforordning (EF) nr. 1749/96, særleg artikkel 3 og vedlegg Ia, skal eit utvida dekkingsområde i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg gjennomførast i desember 1999 og ta til å gjelde saman med indeksen for januar 2000. Følgjeleg vert dei metodiske retningslinjene som gjeld utvidinga, fastlagde i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 14 i rammeforordning (EF) nr. 2494/95. Tidsplanen for

utviding av dekkingsområdet til å omfatte sjukehusstenester og sosialomsorgstenester i heimen, i aldersheimar og i bustader for funksjonshemma bør fastleggjast i samsvar med den same framgangsmåten.

- 4) Framgangsmåtane for handsaming av varer og tenester i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg i HKPI kan truleg verte svært ulike. For å sikre at dei HKPI-ane som vert utarbeidde, stettar jamføringskravet i artikkel 4 i forordning (EF) nr. 2494/95, er det naudsynt med ein harmonisert metode for slike varer og tenester.
- 5) Handsaminga av varer og tenester i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg er i samsvar med dei definisjonane som er fastlagde i det europeiske nasjonalrekneskapssystemet (ENS) 1995, slik det er fastsett i rådsforordning (EF) nr. 2223/96<sup>(5)</sup>.
- 6) Utvalet for det statistiske programmet har ikkje gjeve noka fråsegn innan den fristen som leiaren har fastsett. I dette høvet og etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 14 nr. 2 i forordning (EF) nr. 2494/95, skal Kommissjonen straks gjere framlegg for Rådet om tiltak som skal gjerast –

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1***Føremål**

Føremålet med denne forordninga er å fastsetje minstestandardar for handsaming av varer og tenester i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg i dei harmoniserte konsumprisindeksane, heretter kalla «HKPI», for å sikre at dei vert pålitelege, aktuelle og stettar jamføringskravet i artikkel 4 i forordning (EF) nr. 2494/95.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 266 av 14.10.1999, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 63/2000 av 28. juni 2000 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende nr. 42 av 21.9.2000, s. 19.

(1) TEF L 257 av 27.10.1995, s. 1.

(2) Fråsegn gjeven 24. august 1999.

(3) TEF L 229 av 10.9.1996, s. 3. Forordninga endra ved rådsforordning (EF) nr. 1687/98 (TEF L 214 av 31.7.1998, s. 12) og (EF) nr. 1688/98 (TEF L 214 av 31.7.1998, s. 23).

(4) TEF L 296 av 21.11.1996, s. 8. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1749/1999 (TEF L 214 av 13.8.1999, s. 1)

(5) TEF L 310 av 13.11.1996, s. 1. Forordninga endra ved forordning (EF) nr. 448/98 (TEF L 58 av 27.2.1998, s. 1).

*Artikkel 2***Definisjon**

1. I denne forordninga tyder «refusjonar» dei betalingane som offentlege organ, trygdeforvaltingar eller ideelle organisasjonar gjer som direkte følgje av at hushalda har kjøpt og opprinneleg betalt for individuelt spesifiserte varer og tenester.
2. Skadebotsutbetalingar frå forsikringsselskap til hushald er ikkje omfatta.
3. Andre betalingar eller prisavslag som offentlege organ, trygdeforvaltingar eller ideelle organisasjonar gjev som hjelp til å redusere konsumet i hushald, t.d. bustadtilskot til leigarar eller ytingar ved sjukdom, uforleik og ved pleie av eldre slektningar, eller til stipend til studentar, vert rekna som stønader i kontantyttingar. Dei skal handsamast som inntektsoverføringar til hushald, og er ikkje refusjonar.

*Artikkel 3***Dekkingsområde**

1. Varer og tenester i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg som høyrer inn under konsum i hushald, skal omfattast av HKPI og grupperast etter kategoriane i COICOP/HKPI, slik det er fastsett i kommisjonsforordning (EF) nr. 2214/96.
2. Alle vareleverandørar og tenesteytarar i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg, t.d. offentlege organ, private organisasjonar, ideelle organisasjonar eller sjølvstendig næringsdrivande, skal omfattast av HKPI, utan omsyn til kva status dei har. Dette gjeld ikkje for einskildpersonar eller grupper av einskildpersonar som produserer varer og yter ikkje-finansielle tenester som berre er til eigen sluttbruk.
3. I samsvar med COICOP/HKPI omfattar utdanning (posisjon 10) berre utdanningstenester. Dersom det vert fakturert ein samla pris for utdanningstenester saman med undervisningsmaterieil eller støttetjenester innanfor utdanning, skal dei ulike komponentane skiljast ut og først over i dei tilsvarande COICOP/HKPI-klassane. Dersom ein slik samla pris ikkje kan delast opp i prisar på dei enskilde komponentane, skal den samla prisen først i posisjon 10 i COICOP/HKPI.
4. Grensetilfelle mellom undervisningstenester på førskulenivå og sosialstøtnadsordningar for barn, som t.d. amnehjelp, spedbarnsstover og barneparkar, skal først i posisjon 10 i COICOP/HKPI dersom barnet var minst tre år gammalt då det vart med i ordninga, og dersom aktivitetane omfattar organisert undervisning i eit skuleliknande miljø som er meint som ein overgang mellom heim og skule. Dersom

føremålet ikkje først og fremst er pedagogisk, men å gje hjelp og støtte til barnepass, skal den aktuelle tenesta først i COICOP/HKPI-klasse 12.4.0.

5. Dersom sjukehus i tillegg til andre grunnleggjande tenester slik det er definert i COICOP/HKPI-klasse 06.3, gjer andre varer eller tenester tilgjengelege for sjukehuspasientar mot særskild betaling, skal desse varene og tenestene ikkje først i klasse 06.3.0, men i dei tilsvarande COICOP/HKPI-klassane.

*Artikkel 4***Prisar**

1. Dei aktuelle HKPI-delindeksane skal reknast ut ved hjelp av ein formel som er i samsvar med den formelen av Laspeyres-typen som vert nytta for andre delindeksar. Dei bør spegle av prisendringa på grunnlag av den utgiftsendringa som hushalda har for å halde ved lag forbruksmønsteret sitt, og samansetnaden av forbrukarpopulasjonen i basis- eller referanseperioden.
2. a) Dei kjøparprisane for varer og tenester i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg som skal nyttast i HKPI, skal svare til dei summene som forbrukarane skal betale, utan at refusjonar er tekne med.  
b) Endringar i kjøparprisane som speglar av endringar i reglane som fastset desse prisane, skal forståast som prisendringar i HKPI.  
c) Dersom kjøparprisane er indeksregulerte, skal endringar som følgjer av endringar i indeksen, forståast som prisendringar i HKPI.  
d) Endringar i kjøparprisane som følgjer av endringar i inntektene til kjøparane, skal forståast som prisendringar i HKPI.
3. Dersom kvaliteten vert endra, skal prisane handsamast etter dei føresegnene som gjeld for spesifikasjonsendringar, særleg dei som gjeld kvalitetsjusteringar i samsvar med artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1749/96.
4. Dersom varer eller tenester i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg er vortne stilte gratis til rådvelde for forbrukarane, og det seinare vert kravd særskild betaling for dei, skal endringa frå null til den faktiske prisen og omvendt, speglast av i HKPI.
5. Dersom varer eller tenester i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg saman med andre varer og tenester er vortne stilte gratis til rådvelde for forbrukarane, og det seinare vert kravd særskild betaling for dei, skal denne endringa speglast av i HKPI.

6. Der det er relevant, skal den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 5 i kommisjonsforordning (EF) nr. 2646/98<sup>(1)</sup> om tariffar, nyttast tilsvarande.

#### Artikkel 5

##### Grunnleggjande data

Dei grunnleggjande dataa skal vere alle kjøparprisane for varer og tenester i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg og komponentane deira, saman med vingar som speglar av nivået til, tidsplanen for og strukturen til forbruket av slike varer eller tenester i samsvar med prisfastsetjande sosio-økonomiske kjenneteikn.

#### Artikkel 6

##### Datakjelder

1. Dei aktuelle HKPI-delindeksane skal reknast ut av medlemsstatane på grunnlag av dei grunnleggjande dataa som er nemnde i artikkel 5.

2. Dei statistiske einingane, t.d. offentlege organ, trygdeforvaltningar eller ideelle organisasjonar, som medlemsstatane oppmodar om å samarbeide om innsamling eller oversending av grunnleggjande data, pliktar å oppgje sannferdige og fullstendige opplysningar på oppmodingstidspunktet, og skal på oppmoding frå dei organisasjonane og institusjonane som er ansvarlege for å utarbeide offisielle statistikkar, tillate at dei hentar inn opplysningar som er så detaljerte at det er mogleg å vurdere om dei stettar jamføringskrava og om HKPI-delindeksane har god nok kvalitet.

#### Artikkel 7

##### Jamføringskrav

HKPI-ar som er utarbeidde etter framgangsmåtane i artikkel 4 og 5 i denne forordninga, eller etter andre framgangsmåtar som ikkje gjev ein indeks som gjennom eitt år jamført med året før, har eit systematisk avvik som i gjennomsnitt er større enn eitt tidels prosentpoeng frå ein indeks som er utarbeidd etter desse framgangsmåtane, skal reknast for å støtte jamføringskravet.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfærd i Luxembourg, 8. oktober 1999.

#### Artikkel 8

##### Kvalitetskontroll

1. Før medlemsstatane nyttar framgangsmåtar som dei har utvikla for handsaming av varer og tenester i sektorane helse, utdanning og sosialomsorg, og som skil seg frå dei framgangsmåtane som er nemnde i artikkel 4 og 5 i denne forordninga, skal dei sende over opplysningar til Kommissjonen (Eurostat) om desse framgangsmåtane.

2. Medlemsstatane skal på oppmoding frå Kommissjonen (Eurostat) sende han tilstrekkelege opplysningar til at han kan vurdere korleis dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 4 og 5 i denne forordninga, verkar. Resultatet av denne vurderinga skal takast med i dei rapportane som Kommissjonen skal leggje fram for Rådet, slik det er fastsett i artikkel 2 i rådsforordning (EF) nr. 1687/98 og i artikkel 2 i rådsforordning (EF) nr. 1688/98.

#### Artikkel 9

##### Gjennomføring

Føresegnene i denne forordninga skal gjennomførast av medlemsstatane i desember 1999 og ta til å gjelde saman med indeksen for januar 2000, bortsett frå følgjande, som skal gjennomførast i desember 2000 og ta til å gjelde saman med indeksen for januar 2001:

- sjukehustenster (COICOP/HKPI 06.3),
- sosialomsorgstenester i heimen, t.d. heimehjelpstenester, matordningar, transport av funksjonshemma (del av COICOP/HKPI 12.4.0),
- aldersheimar, bustader for funksjonshemma (del av COICOP/HKPI 12.4.0).

#### Artikkel 10

##### Iverksetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunnngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

For Rådet

S. NIINISTÖ

Formann

<sup>(1)</sup> TEF L 335 av 10.12.1998, s. 30.